

Turstiar frå Øvre Vats Bedehus:

1. Krakkanuten (450 m.o.h.)

2. Vatnedalsvatnet (130 m.o.h.) - vidare til Austreim i Skjold v/E 134

Kjør om lag 1,5 km frå Knapphus mot Ølen langs E 134 til Øvre Vats bedehus som ligg på oppsida av sykkel- og gangstien ved Alvseike. Her står info.tavle m/kart og opplysningar om tur til Krakkanuten og til Vatnedalen og vidare til Austreim i Skjold.

1. Tur til Krakkanuten (450 m.o.h.)

Avstand: Om lag 2,5 km opp til varden – 5 km tur-retur

Tidsbruk: 1t 10 min opp og 40 min ned. Tur/retur: om lag 2 t

Vanskegrad: Blå tur – familietur, men noko bratt traktorveg oppover lia.

Terreng: God traktorveg 1,4 km oppover gjennom kulturbeite og deretter går stien over i godt rydda og merka sti heit fram til toppen.

Opplysningar: Frå bedehuset går du sørover langs sykkel- og gangstien til du kjem til ei raud løbebygning. Ta av til høgre ved hekken like før du kjem til den raude løa. Det står skilt i enden av hekken.

Ikkje gå gjennom gardstunet, men følg stien langs sørsida av hekken oppover.

Du kjem inn på skogsvegen ved gjerdeklyvar 100 m opp. Veggen oppover kan vera noko bratt og tung, men ta det med ro og nyt utsikta over bygda når du har trong for å få pulsen ned.

Bruk gjerdeklyverar eller lukk grindane dersom du må gå gjennom desse.

Ta omsyn til eventuelt beitande dyr langs veggen.

Hugs bandtvang for hundar.

Stort sett fint å gå, men nokre våte ved Smørdokk. Herifrå starta raset i 1952 som gjekk like ned til Vatsvatnet etter at løa til Johannes og Anna Sjurseike vart rasert.

Fottøy: Vanlege tette sko – joggesko eller fjellsko.

2. Tur til Vatnedalsvatnet (130 m.o.h.) og vidare til E 134 ved Austreim i Skjold.

Avstand: Om lag 2 km til Vatnedalsvatnet og 5,4 km fram til Austreim.

Tidsbruk: 1t 15 min heilt fram til Austreim.

Vanskegrad: Blå tur – familietur. Bratt traktorveg i starten, men deretter lett å gå vidare.

Terreng: Traktorvegen går gjennom lett blandingsskog heilt fram til Vatnedalsvatnet.

Opplysningar: Følg den merka traktorvegen fram til Vatnedalsvatnet – ca 2 km. Rett før du kjem ned til vatnet, tar du av til høgre ned til utløpet av Vatnedalsvatnet.

Stien vidare er skilta og godt merka gjennom tett ore- og bjørkeskog fram til grensa med Skjold – ca 1 km.

Ved grensa finn du **ein turkasse til Skjold turlag** – skriv deg inn i boka her.

Her kan du velja om du vil gå attende til Øvre Vats Bedehus eller om du vil gå vidare på traktorveg heilt fram til E 134 ved Austreim gjennom planteskog av gran-, furu- og lerketre – ca 2,7 km. Traktorvegen herifrå er svært lett og fin å gå på heilt fram.

Fotøy: Gode joggesko eller fjellsko.